

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 04.05.15

Vår ref. 457/15/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Meland kommune

Fiskeridirektoratet region Vest

e-mail

## **KOMMUNEPLAN AREALDEL, 2. GANGS HØYRING, MELAND.**

Ein viser til mail av 13.03.15 frå Meland kommune om saka.

På grunn av sjukdom og stor arbeidsmengde fekk ein dessverre ikkje svara innan fristen.  
Ein ber om at våre merknader blir tatt med vidare i prosessen.

### Flatøy nr 139, 264, 317....- næringsområdet.

Primært meiner ein at det ikkje bør fyllast ut i sjøområdet mellom fastlandet og Gudmundsholmen da det vil kunne hindre vassgjennomstrauming til gyteområdet innafor.

### Io nr 32B, 326.

Ein har fått opplyst av lokal fiskar at det er ein god ruseplass det meste av året, og at den vil bli øydelagt om ein gjev løyve til meir naust og kaiar/bryggjer her.  
Er i tillegg gyteplass for torsk, ifølgje lokal fiskar.

### Io nr 123, 212, 314, 422

Ein finn å kunne godta ovannemnde reviderte småbåthamnøråde, men fortøyingane må reduserast mest mogeleg, slik at det ikkje hindrar bruk av store sjøområde.  
I tillegg må ein avgrense forureining frå området, m.a. med at ein har forsvarleg avfallshandtering.



Io nr 151.

Fiskarlaget Vest forutset at det gamle naustmiljøet, med murar ut i sjø, blir oppretthalde sjølv om ein tillet fortetting av naust i området.

Ein viser òg til kaste- og låssettingsplassen rett nordvest av området, og ein forutset at båttrafikken tar omsyn når den er i bruk.

Io 172.

Fiskarlaget Vest finn å kunne godta campingplassområdet under føresetnad av at det blir stilt strenge krav til eventuelt utslepp til sjø.

Ein forutset òg at det ikkje er snakk om tiltak i sjø i ettertid. (bit for bit politikk)

Fiskarlaget Vest vil igjen peike på at når det gjeld Roslandspollen har ein fått opplyst at det blir drive garnfiske etter m.a. makrell, sild, torsk og hyse innafor brua. Ein ber om at sjøområda i Roslandspollen blir planlagt slik at dette fisket kan fortsetje òg i framtida.

I den samanhengen er ein imot at det blir gjeve løyve til SM 2, tidlegare SM15.

Io 172.

Ein har fått opplyst av lokal fiskar at det føregår kasting-/låssetting av fisk like nordaust for området regulert til naustområde og spreidd flytebyggjer. Ein forutset at det kan fortsatt nyttast.

Kårbø nr 34, 297.

Her er det snakk om redusering av område på land til fritidsbustad, og det ser ein positivt på i høve kaste-låssettingsplassen som er registret i området.

Skarpeneset nr 240, 252.

Ein konstaterer at det allereie er ein del naust på dei aktuelle områda.

Ein føreset at det blir tatt omsyn ved bruk av kaste-/låssettingsplassen.

Skurtveit (Roslandspollen) nr 211.

Det kan sjå ut som det stort sett er befesting av situasjonen, dvs. naust. Området er redusert i høve omsøkt.

Vikebø (Roslandspollen) nr 157, 293.

Ein forutset at fortøyingar og forureining blir avgrensa i/frå området.

Vikebø (Roslandspollen) nr 407.

Ein forutset at Salar Bruk si verksemd blir vurdert i høve kva området toler av utslepp o.l., i tillegg til anna utslepp i området.

Ein vil utvide området i sjø for å stadfeste dagens drift reknar ein med, og ein føreset at om det er søknad om utvida verksemd i sjø, er det reversible tiltak det er snakk om. Ein forutset at ein får til høyring søknad om tiltak i sjø.

Øpso nr 333.

Ein har ikkje merknader til kaien.

Ådland nr 20, 405.

Ein føreset at det blir tatt omsyn ved bruk av kaste-/låssettingsplassen i området.

Ådland/Refskar nr 24, 420.

Befesting av småbåthamn, er eksisterande båtar der.

Ein føreset at det blir tatt omsyn ved bruk av kaste-/låssettingsplassen.

Me meiner fortsatt at følgjande kaste-/lås plassar må takast inn i kommuneplanen:

Vikan, vedlegg I

Fløksand, vedlegg II

Med helsing


Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo


Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag

Vedlegg F



Målestokk: 1:13 347



Målestokk: 1:13 347